

LEIGE KONTRAKT

Ubygd areal

Utleigar: Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367
Postboks 7900
5020 Bergen

Leigetakar: NCC Industry AS, org. nr. 984 884 176
Postboks 145
5888 Bergen

Følgjande avtale er inngått mellom partane:

1. Leigeobjekt

Avtalen gjeld "Asfalttomta" på 0,7 da på Stend vidaregåande skule, gnr. 97 bnr. 1 i Fana. Arealen er innteikna på kart datert 10.05.2006. Arealen skal i hovudsak nyttast i samband med asfaltproduksjon. Området har vore utleigd til same leigetakar i perioden 01.01.2008-31.12.2016.

2. Vilkår

Det er leigetakar sitt ansvar å hente inn evt. nødvendige løyver frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealen, jf. pkt. 1. Arealen skal stå fram på ein ryddig måte.

3. Leigetid

Avtalen gjeld frå 01.01.2017 - 31.12.2021 med opsjon på vidare leige fram til 31.12.2025. Leigetakar sine ønskjer om framtidig bruk av arealen må takast opp med utleigar seinast 1 år før utgangen av leigetida. Begge partar kan seie opp leigeavtalen med varsel på 1 år.

4. Pris

Årsleiga er kr 100,- pr m², som utgjør kr 70.000,- for heile arealen. Leiga skal betalast med forfall 15. mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år - første gong i 2018 - i samsvar med endring i SSB sin "Byggekostnadsindeks for bustadblokk" med basis i indeksen for nov. 2016. Årsleiga vert fakturert frå utleigar.

5. Opphøyr

Ved opphøyr skal leigearealen leverast tilbake i opprydda stand der alle tekniske installasjonar knytta til NCC sin aktivitet er fjerna. Oppryddingsarbeidet skal vere ferdig utført innan utgangen av leigetida.

6. Tvist

Eventuelle tvistar som gjeld avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift.

Denne avtalen er utforma i 2 (to) eksemplar - eitt til kvar av partane.

Bergen, den 24/10 2016


Hordaland fylkeskommune
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
EIGEDOMSAVDELINGA

Bergen, den 5/10 2016



NCC Industry AS

NCC Industry Norge
NO 984 884 176 MVA



BASISKART
Byrådsvedling for byutvikling
Byggesak og private planer
Målestokk 1:1000
Dato: 10.05.2006

Adresse: FANA VEGEN 221A
Gnr/Bnr/Fur: 119/327/0
GA-Bareal: 3975 m²
Kartareal: 3975 m²



sk